

HELING FRÅ BISKOPEN

kan verta lesen i starten av gudstenesta eller som kunngjering

God pinse og til lukke med dagen!

I denne pinsegudstenesta feirar vi også at bispedømmet er 900 år. Tenk at trua på Jesus og ei gudstenestefeirande kyrkje har vore her hos oss minst så lenge!

Hovudmarkeringa skjer i Domkyrkja i dag. Den nyrenoverte middelalderkyrkja ved Vågen i Stavanger har vore bispesete i 900 år, med unntak av åra då biskopen vart flytta til Kristiansand. Men pinsedag 1925 fekk Stavanger igjen biskop, med storlagen feiring av at bispestolen var gjenopprett, på 800-årsjubileet for by, domkyrkje og bispedømme.

Vi ser tilbake på kyrkja si lange historie i vårt område med takk og glede. Gjennom århundra har evangeliet sett spor både i samfunn og enkeltmenneske. Ein gong strekte bispedømmet seg heilt austover til Hallingdal, Valdres og Agder. I dag tilsvarar det Rogaland fylke. Jubileumsåret kan gje eit godt høve til å tenkja gjennom korleis kyrkjarven har forma det samfunnet vi er i dag.

Korleis skal folk i Rogaland vita at dei høyrer til i Stavanger bispedømme? Ein stafett starta då Egersund kirke fylte 400 år i 2023. Stafettpinnen er ein færning, sidan mange har vore avhengige av båttransport for å koma til kyrkje. Jubileumsbåten har vore innom alle 90 sokn dei siste 2 åra. Nå er han i hamn ved Stavanger domkyrkje. Kvart sokn i bispedømmet har sett sitt synlege teikn på seglet. Dei 90 symbola viser mangfoldet av kyrkjelydar. Det er eit poeng å visa at vi er mange og at vi høyrer saman i det store fellesskapet som er Den norske kyrkja.

Biletet av båten med fulle segl syner at vi frimodig siglar vidare til nye slekter og stader. Bodskaopen om verda sin Frelsar og kyrkja sin Meister er det same i dag som for 900 år sidan.